

6. *Verdet av avlingen pr. dekar.* Ved aa rekna med storleiken av avlingen og godleiken av denne er det produsera fylgjande kg. stivels- og mjølkeproduksjonsverd pr. dekar:

	Stivelsverd	Mjølkeproduksjonsverd
Saatid I	148,4	160,3
» II	160,8	173,6
» III	151,2	163,9
Haustetid I	143,3	154,0
» 2	105,7	178,7
» 3	151,4	165,2

I föreiningar er produsera: 1. haustetid 205, 2. 239 og 3. 220 f.e. pr. dekar.

Det beste resultat ved desse grønforforsøk er naadd med den andre saatida (midten av mai), og ved aa hausta det 15 dagar etter havren har blomt. Daa har ein naadd aa faa produsera den største mengd av stivels- og mjølkeproduksjonsverde pr. dekar.

Tridje haustetid har gjeve større avling, men denne har vore av ringare kvalitet og kjem difor laagre enn andre haustetida i verd. Fyrste haustetid kjem laagast daa den har mindste avling.

BØKER

Anmeldt av myrassistent *Hovd.*

Strømedlens och Skötselns inflytande på kreatursgödselns verkan av *E. G. Svinhufvud.* Finska Mosskulturföreningens årbok, hefte 2, 1925, side 91—99.

VED «Finska Mosskulturföreningens» forsøksstasjon i Sör-Österbotn har i aara 1923—25 vore utført nokre forsøk over kva verd ymse strøemne og uppsamlingsmaatar har for husdyrgjødsla sin verknad til ymse kulturar (grønfor og bygg).

Framgangsmaaten under uppsamling og lagring av gjødsla var fylgjande:

Gjødsla fraa 16 kyr uppsamlas i 2 døger for kvart forsøksled. Som strøemne er prøva *torvstrø, sagflis* og *halmhakk*; av kvart strøemne vart brukt so mykje at den flytande gjødsla vart heilt uppsamla, also ulike mengder etter effekten av det brukte strøemne. Dessutan vart *prøva lagring av gjødsel utan noko slag strø.*

Gjødsla vart uppsamla anten i heilt tette behaldarar av betong (umlag 2 m.³ store) med tett lok paa, eller ute i smaa haugar, noko lagt direkte

paa jorda, og noko paa eit golv av bord, som likevel ikkje kunde hindra at gjødselvatnet rann vekk.

Etter aa ha vore lagra paa ovannemnde ulike maatar ei viss tid (i 1924 2 mndr., i 1925 4 mndr.), vart verknaden av gjødsla prøva i feltforsøk, slik at gjødsla etter kvar uppsamlingsmaate og strømedel vart delt paa 4 paralellrutor. Til dei ymse forsøksled kom soleis ulike mengder gjødsel, etter som dei ymse strømedel og lagringsmaatar kunde upsamla og berga gjødsla. Daa det her upphaveleg var same mengd fast og flytande gjødsel for kvart forsøksled, vil utslaget i avling vera eit maal for verdet av dei ymse strømedel og lagringsmaatar for verknaden av husdyrgjødsla.

Etter lagring i umlag 3 maanader var svindet av gjødsla i vektprocent, og i % av den upphavelege kvævemengda daa lagringa byrja:

	Lagra i betongbeholdar.		Lagra ute i haug.	
	Svind i %	Vekt	Kvæve	Kvæve
Torvstrøggjødsel	0,0	12,0	16,0	38,0
Sagflisgjødsel	1,5	28,0	30,0	42,0
Halmgjødsel	0,8	35,0	27,0	52,0

Dette viser verknaden av dei ulike lagringsmaatar paa verdet av gjødsla, og likso dei ymse strømedel si evna til aa berga gjødsla fraa tap av verdistof.

Ved lagring i haug ute var mykje av fosforsyre- og kaliinhaldet i gjødsla utvaska, soleis upptil 46 % av fosforsyra og 56 % av kaliet.

Avlingsauken etter dei ymse lagringsmaatar og strømedel var fylgjande naar ein sett *meiravlingen av torvstrøggjødsel lagra i betongbeholdar til 100.*

	Relativtal — grønfor	Bygg	1925
	1923—24	Kg. pr. mål	Relativtal
Torvstrøggjødsel fraa behaldar	100,0	+ 90,0	100,0
—»— ute i haug	86,5	+ 81,0	90,5
Sagflisgjødsel fraa behaldar	—	+ 53,0	59,0
—»— ute i haug	—	+ 34,0	38,0
Halmgjødsel fraa behaldar	66,5	+ 45,0	50,0
—»— ute i haug	27,0	+ 24,0	27,5
Utan strø fraa behaldar	86,0	—	—

Forsøket er utført paa god sandblanda leirjord, som i 1925 utan gjødsel gav ein avling paa 262 kg. bygg pr. maal.

Desse forsøk viser umlag same resultat som *svenske forsøk* (Svenska Mosskulturforeningens tidsskrift 1910, side III) referert i «Meddelelser fra Det Norske Myrselskap» 1914, side 60; der har sagflisgjødsla auka avlingen mindre enn halmgjødsla. Naar sagflisgjødsla i dette høve har verka betre enn halmgjødsla, har det etter forfattaren sin grunn i at sagflisa var sers turr, og soleis kunde brukast i smaa mengder.

Forf. held fram, at om desse forsøk har vara ei stutt tid, so viser dei likevel at torvstrøet har ein stor fyremun, baade naar det gjeld aa oppsamla flytande gjødsel og aa berga gjødsla fraa utvasking og tap av verdfull voksternæring. Ein faar soleis ei meire verdfull gjødsel som har ein større verknad, enn om ein brukar anna strø, og han sluttar sitt oppsett med fylgjande:

«Ingen jordbrukare torde kunna anse det lønande att använda andra strömedel än torvströ, om det blott kan erhållas till skäligt pris.»

A. Hovd.

NYE MEDLEMMER

Livsvarig:

Ager-Hansen, A., Landbrukskand., Lund pr. Kristiansand S.

Årsbetalende:

Bergslid, J., pr. Naustbugta via Rørvik.

Gimse, Gunnar, Lønnebo, Jesseim st.

Helsethmyrens Torvstrølag, Lena st.

Kaurin, Skoginspektør, Oslo.

Lauritzen, Ludvig, Torvmester, Nannestad p. å., Jesseim st.

Myrvang, Gunnar, Koppang.

Raanaas, O. J., Trælasthandler, Tjønnås st., Telemark.

Varmekraftlaboratoriet, Norges Tekniske Høiskole, Trondhjem.

ÅRSPENGER

kan innbetales til Myrselskapets kontor. Restanser opkreves efter 1. oktober ved postopkrav med tillegg av omkostninger.